

Bygdeborga på Slottbakkfjell

På Slottbakkfjell ved Birketveit ligg restane etter svære borgmurar i ei bygdeborg.

Ekspertane trur bygdeborgene var forsvarsanlegg. Slottbakkfjell er bratt og tildels stupbratt mot nord-nord/vest og aust-sør/aust. På dei andre sidene er hellinga svakare. Borgmurane blei difor sett opp der. Mellom to mindre kollar mot nord-vest er det eit trengt skar. Det har kanskje vore inngangen til borga.

Murane er lette å sjå i terrenget. I dag er dei noko utrasa, og dels attgrodde av mose og lyng. Men dei store mengdene med stein vitnar om at det ein gong har vore svære murar her.

Dateringa på Kulturminnesøk.no er jernalder. Tradisjonelt har arkeologane meint at bygdeborgene stammar frå folkevandringstida eller sein romartid. Det kravde stor arbeidsinnsats å bygge slike festningsanlegg. Borga er nok difor blitt til i ei spesielt uroleg tid, då det var behov for vern mot inntrengjande fiendar.



Tekst og foto: Geir Daasvatn

Turen til Slottbakkfjellet er ca 1,2 km t/r
Etter ca 150 meter går du over en bro (bilde).
Du må gjennom «inngangen» for å komme til
Slottbakkfjellet og restene av bygdeborgen

